



Møteprotokoll Kommunestyret

Møtedato: 26.04.2017
Møtestad: Kantina på Kommunehuset
Møtetid: 18:00 – 21:00

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Anne Dahle Austrheim	KRF	Varaordførar
Siri Kaland	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Merethe Rikstad Tresvik	AP	Medlem
Asbjørn Brandtun	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Trude Sleire	AP	Medlem
Tore Austrheim	AP	Medlem
Rikke Heldal Hope	H	Medlem
Morten Sognes	H	Medlem
Viggo Leirvåg	H	Medlem
Randi Dyrøy	KRF	Medlem
Jan Erik Espelid	V	Medlem
Petter Lerøy Skårnes	V	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Jorund Stellberg	UAH

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Magnus Kvingedal	H	Varamedlem

Desse møtte frå administrasjonen:

Rådmann Jan Olav Osen, assisterande rådmann Olav Mongstad og avdelingsleiar Rolf Henning Myrmel

Medlem Tore Austrheim kom til møtet kl. 19:45

Per Lerøy
ordfører

Jan Olav Osen
rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
019/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
020/17	Godkjenning av møteprotokoll
021/17	Meldingar
022/17	Orienteringssak
023/17	Godkjenning av Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2017 - 2027 i Austrheim kommune
024/17	Meir offentlege og ope formannskaps- og kommunestyremøte
025/17	Forvaltningsrevisjonsrapport - Rutinar for oppfølging av barn i fosterheim
026/17	Søknad om fritak frå verv i forliksrådet
027/17	Uttale om organisering og formidling av hjelpemiddel

019/17: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

26.04.2017 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 019/17 - 26.04.2017 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

020/17: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

26.04.2017 KOMMUNESTYRET

Framlegg frå Jan Erik Espelid:

I protokoll frå møte den 22.02.17 i sak 17/17 skal avstemmingsresultatet under behandling for pkt. 13 og 18 vera som fylgjer:

Framlegget frå Ap fekk 10 røyster(Ap+Morten Sognnes og Viggo Leirvåg) og rådmannen sitt framlegg fekk 7 røyster (Krf+Sp+ 2V +Jorund Stellberg og Rikke Heldal Hope).

Fellesframlegg:

Møteprotokollane frå møta 15.02.17 og 22.02.17 vert godkjent med fylgjande merknad:I protokoll frå møte den 22.02.17 i sak 17/17 skal avstemmingsresultatet under behandling for pkt. 13 og 18 vera som fylgjer:Framlegget frå Ap fekk 10 røyster(Ap+Morten Sognnes og Viggo Leirvåg) og rådmannen sitt framlegg fekk 7 røyster (Krf+Sp+ V +Jorund Stellberg og Rikke Heldal Hope).

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

KS - 020/17 - 26.04.2017 - Vedtak:

Møteprotokollane frå møta 15.2.17 og 22.02.17 vert godkjent med fylgjande merknad:

I protokoll frå møte den 22.02.17 i sak 17/17 skal avstemmingsresultatet under behandling for pkt. 13 og 18 vera som fylgjer:

Framlegget frå Ap fekk 10 røyster(Ap+Morten Sognnes og Viggo Leirvåg) og rådmannen sitt

framlegg fekk 7 røyster (Krf+Sp+ V +Jorund Stellberg og Rikke Heldal Hope).

021/17: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

26.04.2017 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 021/17 - 26.04.2017 - Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

022/17: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

26.04.2017 KOMMUNESTYRET

I møtet var det fylgjande orienteringar:

- Øyvind Brandtun orienterte om Fensfjorden Vidaregåande skule.
- Avdelingsleiar Rolf Henning Myrmel orienterte om status i oppgraderingane på Kaland barne og ungdomsskule
- Assisterande rådmann Olav Mongstad orienterte om KS sitt pilotprosjektet vedrørende folkevaldopplæring. Det vert samling den 19. juni 2017 i tida 0830 - 1700.
- Ordførar Per Lerøy orienterte om at Austrheim kommune har fått tildelt kr. 1.270.000,- frå fylkeskommunen til veglys.
- Ordførar Per Lerøy orienterte om at kommunen ser ut til å få eit overskot i 2016 på omlag kr. 4,5 mill.
- Ordførar Per Lerøy orienterte om at plastinnsamlingsprosjektet har fått stor oppslutning frå skulane.
- Asbjørn Brandtun orienterte om at idrettslaget no er 70 år og i samband med jubileumet skal det arrangerast trimkarusell.
- I møtet vart det utdelt ei bok " Mafiela" til alle representantane frå Industri Energi.

Framlegg frå rådmannen:
Orienteringane vert teke til vitande.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 022/17 - 26.04.2017 - Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

023/17: Godkjenning av Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2017 - 2027 i Austrheim kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune godkjenner «Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2017 - 2027 i Austrheim kommune» med prioritert handlingsplan. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 11-15.

26.04.2017 KOMMUNESTYRET

Framlegg til tillegg frå gruppeleiarane:
Vatn til Førland blir prioritert når overføringleidningane fram til høgdebassenget er bygd.

Framlegget frå rådmannen med gruppeleiarane sitt tillegg vart samrøystes vedteke.

KS - 023/17 - 26.04.2017 - Vedtak:

Austrheim kommune godkjenner «Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2017 - 2027 i Austrheim kommune» med prioritert handlingsplan. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 11-15.

Vatn til Førland blir prioritert når overføringleidningane fram til høgdebassenget er bygd.

024/17: Meir offentlege og ope formannskaps- og kommunestyremøte

Rådmannen sitt framlegg:

1. Austrheim kommunestyre innfører ordninga med spørjetime i kommunestyremøta frå første møte hausten 2017. Retningsliner for ordninga med spørjetime går fram av saksutgreiinga.
2. Austrheim kommunestyre er positive til å kunne overføre møta i kommunestyre og formannskap via videooverføring. Ordninga med overføring av møta i kommunestyre og

formannskap vert utgreidd vidare og ein kjem opp med sak i løpet av hausten 2017. I den saken bygger ein på erfaringane som Meland Kommune som pilotkommune i Nordhordland har, både med tanke på økonomi , oppslutnad og tilbakemeldingar frå politisk hald.

26.04.2017 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 024/17 - 26.04.2017 - Vedtak:

1. Austrheim kommunestyre innfører ordninga med spørjetime i kommunestyremøta frå første møte hausten 2017. Retningsliner for ordninga med spørjetime går fram av saksutgreiinga.
2. Austrheim kommunestyre er positive til å kunne overføre møta i kommunestyre og formannskap via videooverføring. Ordninga med overføring av møta i kommunestyre og formannskap vert utgreidd vidare og ein kjem opp med sak i løpet av hausten 2017. I den saka bygger ein på erfaringane som Meland Kommune som pilotkommune i Nordhordland har, både med tanke på økonomi , oppslutnad og tilbakemeldingar frå politisk hald.

025/17: Forvaltningsrevisjonsrapport - Rutinar for oppfølging av barn i fosterheim

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret ber om at administrasjonen orienterer om oppfølginga av forvaltningsrapporten og status for tilrådingane og framdrifta for arbeidet med skriftleggjering av rutinar og system innan oktober 2017.

26.04.2017 KOMMUNESTYRET

Kontrollutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 025/17 - 26.04.2017 - Vedtak:

Kommunestyret ber om at administrasjonen orienterer om oppfølginga av forvaltningsrapporten og status for tilrådingane og framdrifta for arbeidet med skriftleggjering av rutinar og system innan oktober 2017.

026/17: Søknad om fritak frå verv i forlikrådet

Rådmannen sitt framlegg:

Inger-Anne Austrheim vert friteke frå vervet som medlem i forliksrådet.
Som nytt medlem i forliksrådet for perioden 2015 – 2019 vert valt: _____ .

26.04.2017 KOMMUNESTYRET

Framlegg frå valnemnda til :
Som nytt medlem i forliksrådet for perioden 2015 - 2019 vert valt Torill Lohne Hordvik (Krf).

Det ligg soleis føre fylgjande framlegg til vedtak:
Inger-Anne Austrheim vert friteke frå vervet som medlem i forliksrådet.
Som nytt medlem i forliksrådet for perioden 2015 - 2019 vert valt Torill Lohne Hordvik (Krf).

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KS - 026/17 - 26.04.2017 - Vedtak:

Inger-Anne Austrheim vert friteke frå vervet som medlem i forliksrådet.
Som nytt medlem i forliksrådet for perioden 2015 - 2019 vert valt Torill Lohne Hordvik (Krf)

027/17: Uttale om organisering og formidling av hjelpemiddel

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre sender fylgjande uttale til høyringa om organiseringa av hjelpemidlar:

Austrheim kommune meiner retten til hjelpemidlar skal liggje i folketrygda med eit statleg finansieringsansvar og eit nasjonalt formidlingssystem for fagleg rådgjeving og utlån av hjelpemidlar. Dette vil sikre funksjonshemma tilgang til nødvendige hjelpemidlar på alle livsområde slik at grunnleggjande menneskerettar vert ivaretatt. Retten til hjelpemidlar må ikkje vere avhengig av geografisk bustad og kommuneøkonomi. Staten bør forbetre hjelpemiddelordninga ved å styrke kommunane sitt ergoterapitilbod og rehabilitering, utvikle betre IKT-løysingar og gjere forenklingar. At innbyggjarar, gjennom folketrygda, er sikra hjelpemidlar som kompensere for funksjonsnedsetjing, vil ha betydning for eit levande lokaldemokrati der alle kan delta.

26.04.2017 KOMMUNESTYRET

Fellesframlegg:

Austrheim formannskap vert delegert mynde til å gje uttale i saka.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

KS - 027/17 - 26.04.2017 - Vedtak:

Austrheim formannskap vert delegert mynde til å gje uttale i saka.
